

## Strøm menighetsråd 20.11.24

**Tid: kl 16.15**

**Sted: Kirkekontoret**

Saker til møtet:

Godkjenning av referat 23.10.24: Bjørg gjekk gjennom referatet, og det vart godkjent.

Sak 46/24: Orienteringar

a) Fellesrådsmøte 07.11.24:

Fellesrådet handsama høyringar om biskopens tilsyn. Økonomien var største sak, og det er eit problem at det går så lang tid før kommunen godkjenner rekneskapet. Overskot for 2023 kunne difor disponerast fyrst nå, og det gjekk tilbake til fond. Det er naudsynt med investeringar i maskinpark, og fellesrådet har munnleg sagt at dei er positive til dette. Budsjett for 2025 er ikkje klart, men signalet er at tilskotet frå kommunen blir vidareført.

Dei handsama også søknad om ny søylestøtte på eit gammalt gravfelt nær kjerka, og det gjekk fellesrådet inn for, ettersom ei slik støtte glir godt inn i lag med dei andre som er der.

Høgtalarane i kjerka er bra, men dei passar ikkje godt til kjerka. Per-Ivar har hatt konsulent inne, og dei testar anna anlegg fyrstkommande fredag kl. 10–12.

b) Høyringer til orientering

Desse er svara ut av fellesrådet, så vi tar dei berre til orientering. Den viktigaste er retningsliner for biskopens tilsyn. Fellesrådet tykte dette var vanskeleg, men gjorde som best dei kunne.

c) Ny handbok for rådsledere kommer.

d) Kaffekroken

Per-Ivar sier at nå kjem stolar og bord snart, men elektrikararbeidet er ikkje gjort enda. Difor veit vi ikkje kva tid kroken blir klar.

e) Benkeputer: Kirkevergen har også kontakt med firma om nye puter i benkane i hovudskipet.

f) Menighetsbladet er på veg ut til alle. Einar har sett det, og det er dessverre feil i gudstenestelista. Torill informerte om at det er lite kommunikasjon om økonomi for bladet. Menighetsbladet er tema for kommande felles soknerådsmøte. Det er også eit spørsmål om det er mva. på heile eller delar av produksjonen. Torill har sendt spørsmålet til redaksjonen.

Sak 47/24: Gudstjenesteliste 2025

Planen er framleis ikkje sendt ut til soknerådet. Torill får det frå Per-Ivar. Ut frå den lagar Torill ein for Strøm for 2025 (eiga fane i same Exel-ark), med kjerkevert og kollekt.

a) Oversikt over kjerkevertar 2025

Alle må fylle inn i skjema når Torill sender det ut, men vi tok dei fyrste i møtet. Fyrste gudsteneste er 5. januar på Menighetshuset. Der treng vi to vertar, men det skal ikkje vera kaffi, for alle konfirmantane skal vera der til klokka 14. Så er det konfirmantpresentasjon 12. januar, og da må vi ha kaffi.

5. januar: Kirkevert 1) Eli  
Kirkevert 2) Torill

12. januar: Kirkevert 1) Bjørn Sverre  
Kirkevert 2) Bjørg

b) Oversikt over kollekt 2025

Vi tar utgangspunkt i fjoråret og sett opp denne på nyåret. Kollekt 5. januar går til Menighetshuset, 12. januar til «Hekta-leiren».

Sak 48/24: Mannskap til «Natta» og «Hekta-leiren». Avklaring av vaksendeltaking.

Hekta: Vi treng færre frå soknerådet i år enn i fjor, fordi det er fleire tilsette (prestar og trusopplærar). Einar orienterte om at det er von om å få med ein frå kvart sokneråd. Det er også sendt ut særskilt melding til foreldre om Hekta.

Vi stiller med tre stk. frå Strøm, for å vera sikre på at vi har nok vaksne: Torill, Eli og Bjørn Sverre.

Natta: Det er bra å ha med deltaking frå soknerådet. Vi stiller med Inger og fleire, men vi stadfestar kven det blir over nyttår.

Sak 49/24: Arbeidsplan 2025

Dato for konfirmantfotografering og foreldredugnad rundt kjerka og på gravplassen. Det bør vera i forkant av 8. mai, (samtalegudsteneste er 4. mai).

Sak 50/24: Kirkeverter/billettselgarar til julekonserten i Strøm 15. desember, kl 18. Frammøte kl. 17. Vi stiller med Torill og Bjørn Sverre.

Sak 51/24: Valg av leiar og nestleiar for eitt år.

Vi valde Bjørg som leiar for 2025 og Bjørn Sverre som nestleiar, ved akklamasjon. Bjørn Sverre og Torill deler sekretær oppgåva inntil vidare.

Sak 52/24: Eventuelt

a) Møteplan 2025

- a. Vi legg møta til tysdagar kl. 17:15. Fyrste møte 14. januar
- b. Årmøte 2025: 9. mars

Etter møtet reiste vi og åt eit herleg måltid på Sanngrund